



Læring i Næring

ØVINGSARK FOR SØKNADSSKRIVING

Informasjon som hjelper deg før du skal i gang med å sende søknad.

Tips! Lagre øvingsarket på iPad-en din slik at du kan kopiere tips og råd til andre søknader.

Namn

Ditt for- og etternamn

Adresse

Kvar du bur i dag.

Epost-adresse

Her er det viktig med ei seriøs e-postadresse som du bruker i kvardagen slik at du får med deg informasjon som blir sendt til deg. Har du ikkje ei epost-adresse må du lage dette før du startar å søke.

Telefonnummer

Telefonnummeret ditt.

Kvar såg du stillingsannonsa

Kvar du først såg annonsa til bedrifta. For dette prosjektet kan du skrive «via Læring i Næring».

Fortel kort om deg sjølv

Skriv informasjon om deg sjølv, med fokus på det som er relevant for søknaden og det bedrifta spør etter.

Praktisk erfaring og evt. verv som er relevante for annonsa

Døme på dette kan vera fotball, 4H, ulike verv på skulen som elevråd, interesser elles, faste arbeidsoppgåver osv.

Kort grunngjeving kvifor du søker

Les annonsa. Kva spør dei etter av kvalifikasjonar hjå deg? Er du glad i være ute, glad i dyr, friluftliv, reparera ting, vere med venner, er sosial, eller andre ting som kan hjelpe deg i jobben og som bedrifta vil vera interesserte i.

Referanse

Kven kan bekrefte at du er flink til det du seier? Det kan ikkje vera foreldre eller søsken.

